

# Tilskot til spesielle miljøtiltak i landbruket (SMIL) og tilskot til drenering 2018

## 1. Tilskot til spesielle miljøtiltak i landbruket (SMIL)

Informasjon, forskrift og søknadsskjema har Fylkesmannen i Sogn og Fjordane lagt ut [her](#). Kommunen har vedteke «Tiltaksstrategiar i Solund i perioden 2017-2021 for SMIL-midlar». [Sjå denne](#)

### Strategiplanen syner denne målsettinga

- Ta vare på den verdfulle kystlyngheia -som kjenneteiknar Solund-, slåttemarka, slåttemyr og naturbeitemarka ved sviing, rydding, slått og beiting
- Hydrotekniske tiltak som bidreg til å få kontroll på vatn på avvege
- Hindra vidare spreieing av- og fjerna framande planter (svartelista planteartar)
- Innan bygningsvernet skal ein prioritera heilskaplege bygningsmiljø og einskildbygningar med stor verdi for det samla kulturlandskapet.

### Desse tilskotssatsane gjeld

Planlegging/tilretteleggingsprosjekt:	inntil	100 %
Tiltak i gamal kulturmark, verdfull kystlynghei, slåttemark: og naturbeitemark med høgt biologisk mangfald:	inntil	70%
Fjerna/hindra vidare spreieing av svartelista planteartar:	inntil	70%
Hydrotekniske tiltak:	inntil	50 %
Restaurering av steingardar og bakkemurar og andre tiltak i kulturlandskapet:	inntil	50 %
Bygningsvern: *	inntil	15 %

*\* Til restaureringsprosjekt med høgt kostnadsoverslag, vil det kunne vera naudsynt å nytta ein lågare tilskotssats for å kunna prioritera prosjektet. Kulturminnefondet kan vera ei alternativ finansieringskjelde for bygningsvern.*

Alle som driv landbruk (eiga- eller leigd jord) eller leiger vekk areal til gardsdrift, kan søka på SMIL-midlar når arealet inngår i drift som stettar krava til produksjonstilskot. Fylkesmannen løyver kr 120 000 i SMIL-midlar til Solund for 2018.

Ein søkar kan ha berre eit pågåande prosjekt om gongen (inkludert tildelingar gjort 5 år bakover i tid.)

## 2. Tilskot til drenering

Denne ordninga kan ein søka på når ein vil grøfta tidlegare grøfta eller planert innmarksareal. Ein kan få kr 2000 per daa drenert areal. Informasjon og søknadsskjema finn du [her](#). Alle som eig eller leiger innmarksareal kan søka på tilskot til drenering. Fylkesmannen løyver kr 20 000 til dreneringstiltak i Solund for 2018.

### **Søknadsfrist**

Søknadane skal sendast til Solund kommune innan 1. april 2018.



*Her ser ein planta slirekne. Ein kan få SMIL-midlar til å fjerna ein svartelista planteart som denne.*